



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	5/17
Møtedato:	22.11.2017
Tid:	Kl. 13.00 – kl. 16.35
Møtestad:	Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr:	29/17 – 37/17
Møteleiar:	Stig Holmstrøm, leiar (Ap)
Møtande medlemmer:	Birgit Torkildson Grotle (Ap) Dagfinn Wiik (Pp) Frank Ove Belsvik (Frp)
Forfall:	Gro Ødegård, nestleiar (H)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Anne Oterhals, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor
Av øvrige møtte:	Geir Inge Lien, Ordførar Magne Værholm, økonomisjef (under sak 31/17) Rune Håseth, kommunalsjef (under OS 26/17 og sak 35/17) Frank Skorgenes, systemansvarleg for internkontrollsystemet (under sak 35/17) Hilde Rekdal, personalkonsulent (under sak 35/17)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling. Det vart fremja forslag om at sak 35/17 vart handsama før sak 31/17, og at det vart framlagt to ekstra referatsaker.

Innkalling og sakliste med desse endringane vart godkjent.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 29/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 2. OKTOBER 2017
PS 30/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 31/17	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT 3. KVARTAL 2017
PS 32/17	KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2017
PS 33/17	OPPDRAAGSAVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS
PS 34/17	TILTAKSPLAN 2018 – KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE
PS 35/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 36/17	NKRF SIN KONTROLLUTVALSKONFERANSE I 2018. DELTAKING
PS 37/17	EVENTUELT

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 2. oktober 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Stig Holmstrøm
2. Birgit Torkildson Grotle

Kontrollutvalet si handsaming

Stig Holmstrøm og Birgit Torkildson Grotle vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 2. oktober 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming**Referatsaker:**

- RS 28/17 **Forvaltningsrevisjonsrapport -Vestnes kommune-helsestasjons- og skolehelsetenester** – Særutskrift, Vestnes kommunestyre 19.10.2017 sak 90/2017.
- RS 29/17 **Kontrollutvalet – budsjett for kontroll og tilsyn 2018** – Særutskrift, Vestnes kommunestyre 19.10.2017 sak 80/2017.
- RS 30/17 **Innkalling til møte i representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 2.11.2017.**
- RS 31/17 **Innkalling til eigarskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS 2.11.2017.**
- RS 32/17 **Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Vestnes kommune.**
- RS 33/17 **ÅRIM: Tilleggsdokument til møte i representantskapet 27.10.2017** – Budsjett og økonomiplan 2018-2021.
- RS 34/17 **Melding om vedtatt budsjett 2018 for ÅRIM, datert 27.10.2017.**

- RS 35/17 **Protokoll frå representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS 2.11.2017**
Protokollen vart delt ut i møte
- RS 36/17 **Protokoll frå eigarskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS 2.11.2017**
Protokollen vart delt ut i møte

Orienteringssaker:

- OS 26/17 **Elevskade ved skule**
Det vart framsett forslag om å lukke møtet under orienteringa, jf. koml. § 31 pkt. 4, jf. fvl. §13, 1. ledd nr. 1. av omsyn til personvernet.
- Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om å lukke møtet i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)
- Forutan utvalet sine medlemmer var sekretær, revisor og ordførar tilstades under orienteringa.
- Kommunalsjef Rune Håseth orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.
Når orienteringa var avslutta vart møtet opna att.
- OS 27/17 **Revidert rettleiar om ytringsfrihet og varsling, KS 14.9.2017.**
Sekretær orientert kort, og utvalet diskuterte nokre problemstillingar særlig knytt til varsling.
Utvaleiar viste til at Vestnes kommune har ein Varslingsplakat, men denne er frå 2009. Den burde kanskje vore revidert mot ny rettleiar?
Frå Dagfinn Wiik vart det stilt spørsmål om korleis innbyggjarar kan gå fram for å kome med uromelding for nokon sin helsetilstand.
Leiar stilte spørsmål til ordførar om varslingsrutinar har vore ein del av folkevaltopplæringa. Ordførar svarer at det ikkje har vore sentralt i folkevaltopplæringa, men at det ha vore fokusert på informasjon og opplæring til dei tilsette. Når det gjeld informasjon til innbyggjarar om kvar dei kan vende seg for ulike spørsmål, så opplyser ordførar at det vert arbeidd med forbetring av heimesida gjennom ROR-IKT.
- OS 28/17 **Internkontroll i Vestnes kommune**
Utvalet hadde bedt om ein statusrapport knytt til denne saka frå oppfølgingslista.
Under orienteringa var kommunalsjef Rune Håseth, systemansvarleg for internkontrollsystemet Frank Skorgenes og personalkonsulent Hilde Rekdal tilstades frå administrasjonen.
Rune Håseth orienterte, supplert av Skorgenes. Det vart svart på spørsmål undervegs i orienteringa.
Firmaet som eig programmet Risk Manager har no gått inn i Evry og kommunen har fått ny kontaktperson. Kommunen opplever at det no tek litt lengre tid å ordne saker. Dei har også hatt ein del tekniske utfordringar den siste tida.
- Håseth opplyser at bruk av avviksmodellen er godt i gang i organisasjonen, og blir mykje brukt. Stort sett så er behandlingstida under to veker på avvik. Det er ingen restansar i avviksmodulen frå før 2017, men nokre frå 2017.
- Risikovurderingsmodulen er no også i aktiv i bruk. Men brukarane er avhengig av mykje support frå Skorgenes. Årsaka til dette, er at det tek tid å lære seg fagtenkinga innan risikovurdering. Alle avdelingar har fått opplæring i bruk av risikovurderingsmodulen.
Internkontrollsystemet er framleis mest brukt innan pleie og omsorg.
- Håseth opplyser at prosjektet med at alle skal ha sam e-postadresse @vestnes.kommune.no, er ca. 2 år forsinka frå ROR-IKT si side.

Det har vore diskutert å gå over til ei sky-løysing for internkontrollsystemet. Då vil alle medarbeidarane kunne nå systemet over alt i frå, også heimanfrå.

Håseth seier at det har vore prioritert å ta i bruk avviksmeldingar og risikovurderingar, framfor å legge rutinar inn i systemet. Frå nyttår skal kommune gå over til nytt saks- og arkivsystem samt at det skal prioriterast arbeid med ny heimeside. Andre endringar er overgang til elektroniske sjukemeldingar frå 15.1. Dette arbeidet vil føre til at det vil vere mindre kapasitet til å få på plass alle rutinar og dokument i internkontrollsystemet den næraste tida.

Utvalsleiar Stig Holmstrøm takka for orienteringa. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport før sommaren.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande).

PS 31/17	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT 3. KVARTAL 2017
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek driftsrapport 3. kvartal 2017 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Økonomisjef Magne Værholm orienterte utvalet om hovudtala i rapporten og svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Årsaka til at driftsrapporten ikkje innehaldt oversikt over sjukefråvær, oppfølging av politiske vedtak eller informasjon om tilsyn var at det vart for knapp tid til å få med dette til formannskap/kommunestyre. Det vart då vurdert at det var viktigast å få lagt fram den økonomiske driftsrapporten no.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande).

PS 32/17	KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2017
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2017 til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Innleiingsvis deler oppdragsansvarleg revisor Anne Oterhals ut Møre og Romsdal Revisjon IKS sin kommunikasjons- og revisjonsplan for Vestnes kommune. Dokumentet er ikkje offentleg jf. Offl. § 13 jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.2. Årsaka er at dokumenta inneheld informasjon knytt til drifts- eller forretningsforhold hos Møre og Romsdal Revisjon IKS, som det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde.

Utvalet vart av sekretær gjort merksam på at kommunelova § 31 regulerer møteoffenlegheit. Dersom det som kjem fram i møte ville vore unntatt offentlegheit dersom det stod i eit dokument, så kan eit folkevalt organ vedta å lukke møtet jf. koml. § 31 pkt. 5, fvl.§13, 1. ledd nr. 2.

Utvalet var usikker på om det var korrekt å lukke møtet, då utvalet synes det er vanskeleg å sjå at det som kunne framkome i eit slikt dokument ville vere av konkurransemessig betydning.

Det vart framsett forslag om å lukke møtet under gjennomgang av oppdragsavtalen, jf. koml. § 31 pkt. 5, jf. fvl. §13, 1. ledd nr. 2.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om å lukke møtet i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor, Anne Oterhals, presenterte revisjonsplanen for utvalsmedlemmene.

Oterhals svarte på spørsmål frå utvalsmedlemmene undervegs i presentasjonen.

Når presentasjonen var avslutta, vart møtet opna att.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande).

PS 33/17	OPPDRAGSAVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner vedlagte oppdragsavtale med korrigeringar som framkom i møte.
2. Sekretariatet får fullmakt til å innhente uttale frå administrasjonssjefen når det gjeld oppdragsavtalen sitt innhald. På grunnlag av denne uttalen, får sekretariatet i samråd med kontrollutvalet sin leiar, fullmakt til å gjere presiseringar og/eller mindre justeringar i avtalen som ikkje er av prinsipiell verknad. Det skal gjevast melding til kontrollutvalet om kva endringar som eventuelt er gjort.
3. Kontrollutvalet sin leiar signerer avtalen.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær delte innleiingsvis ut vedlegga til saka; Oppdragsavtale mellom Kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS og revisjonen sitt Engasjementsbrev. Dokumenta er ikkje offentlege jf. Offl. § 13 jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.2. Årsaka er at dokumenta inneheld informasjon knytt til drifts- eller forretningsforhold hos Møre og Romsdal Revisjon IKS som det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde.

Kommunelova § 31 regulerer møteoffenlegheit. Dersom det som kjem fram i møte ville vore unntatt offentlegheit dersom det stod i eit dokument, så kan eit folkevalt organ vedta å lukke møtet jf. koml. § 31 pkt. 5, fvl.§13, 1. ledd nr. 2.

Det vart framsett forslag om å lukke møtet under gjennomgang av oppdragsavtalen, jf. koml. § 31 pkt. 5, jf. fvl. §13, 1. ledd nr. 2.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak om å lukke møtet i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Utvalet gjekk gjennom punkt for punkt i oppdragsavtalen. Sekretær orienterte og svarte på spørsmål frå utvalsmedlemmene.

Det framkom følgjande forslag til endring i oppdragsavtalen pkt. 4:
«Ny avtale for perioden 1. januar 2020 til 31. desember 2023.....»

Det vart framsett felles forslag om å endre pkt. 1 i sekretariatet si tilråding til vedtak:

1. *Kontrollutvalet godkjenner vedlagte oppdragsavtale med korrigeringar som framkom i møte.*

Fordi avtalen skal følgje valperioden, så må 31. desember 2024, korrigerast til 31. desember 2023. Det vart også gjort merksam på nokre skrivefeil/setningar som stod to gonger og som må korrigerast.

Når gjennomgangen var avslutta, vart møtet opna att.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

1. Kontrollutvalet godkjenner vedlagte oppdragsavtale
2. Sekretariatet får fullmakt til å innhente uttale frå administrasjonssjefen når det gjeld oppdragsavtalen sitt innhald. På grunnlag av denne uttalen, får sekretariatet i samråd med kontrollutvalet sin leiar, fullmakt til å gjere presiseringar og/eller mindre justeringar i avtalen som ikkje er av prinsipiell verknad. Det skal gjevast melding til kontrollutvalet om kva endringar som eventuelt er gjort.
3. Kontrollutvalet sin leiar signerer avtalen.

PS 34/17	TILTAKSPLAN 2018 – KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet godkjenner Tiltaksplan for 2018, med dei endringar som kjem fram i møte. Tiltaksplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet hadde i møte ingen forslag til endringar i tiltaksplan 2018.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (4 voterande)

PS 35/17	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Internkontroll i Vestnes kommune

Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei

tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet ønskjer orientering om Vestnes kommune har starta arbeidet med å etablere eit heilskapleg system for internkontroll og avviksrapportering.

22.11.17:Rune Håseth orienterte i dagens møte jf. OS 28/17. Utvalet ønskjer ei ny orientering før sommaren 2018.

Kontrollutvalet si handsaming

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

I dette møtet var det orientert frå administrasjonen knytt til følgjande sak på oppfølgingslista.

- **Internkontroll i Vestnes kommune**

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 36/17	NKRF SIN KONTROLLUTVALSKONFERANSE I 2018. DELTAKING
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Stig Holmstrøm og Frank Ove Belsvik deltar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 7. og 8. februar 2018.

Dersom nokon må melde forfall, så får Dagfinn Wiik tilbod om å delta.

Kontrollutvalet si handsaming

Det vart framsette følgjande forslag til vedtak:

Stig Holmstrøm og Frank Ove Belsvik deltar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 7. og 8. februar 2018.

Dersom nokon må melde forfall, så får Dagfinn Wiik tilbod om å delta.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding

..... deltar på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 7. og 8. februar 2018.

PS 37/17	EVENTUELT
-----------------	------------------

Fastsetjing av dato for kontrollutvalet sitt første møte i 2018

Kontrollutvalet sine medlemmer støtta sekretariatet sitt forslag til dato for første møte i 2018, **tysdag 20. februar.**

Møteinnkalling til alle varamedlemmer

Vanleg praksis er at sekretariatet sender møteinnkalling til orientering til 1. varameldem samstundes med at utvalsmedlemmene får innkallinga

Konklusjon

Utvalet ønskjer at møteinnkallinga vert sendt til orientering til alle varamedlemmene, slik at desse held seg orientert om arbeidet i kontrollutvalet, og kan vere budd dersom dei vert kalla inn på kort varsel.

Stig Holmstrøm
leiar

Birgit Torkildson Grotle
medlem

Dagfinn Wiik
medlem

Frank Ove Belsvik
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær